

## Referat frå årsmøte i Aardalens Venner

Stad: Kafé Vaagen  
Dato: 27. februar 2011  
Tid: kl. 18.00 – 19.30

Frammøtte: Doris og Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal, Per Arne Berge, Unni og Terje Hovden (7).

---

Jan Hammersvik ynskte velkomen til årsmøtet.

Saker handsama på årsmøtet:

**1. Godkjenning av innkallinga til årsmøtet**

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

**2. Val av ordstyrar og skrivar**

Jan ordstyrar, Terje skrivar. Samrøystes.

**3. Godkjenning av årsmelding frå styret**

Terje las årsmeldinga. Samrøystes godkjent.

**4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2010**

Terje las opp revisjonsmeldinga, og gjekk deretter gjennom resultatrekneskapen. Inntektene i 2010 var kr 5.890,50 større enn utgiftene. Totale inntekter kr 35.079,-, totale utgifter kr 29.188,50.

Behaldning pr. 31.12.2010 kr 27.833,98.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

**5. Budsjett / kontingent / arbeidsprogram**

Det er pga. den økonomiske situasjonen i laget ikkje sett opp budsjett for 2011. Inntektene vil vere sterkt avhengige av ev. SMIL-midlar.

Kontingent for 2011: Kr 100,- for enkeltmedlemmar, kr 200,- for familiar og kr 500 for firma. Samrøystes.

Arbeidsprogram for 2011 er heller ikkje laga. Skjøtselsavtale inngått med fylkesmannen vil kreve at vi har slåttarbeid på utvalde areal. Elles er det mange prosjekt som kan arbeidast på utan at dette krev budsjett (rydding geitefjøs, gjere ferdig mur på tunet etc.)

Jf. òg årsmelding.

**6. Innkome saker**

Ingen innkome saker.

**7. Val av styremedlemmar**

Unni la fram framlegg frå valnemnda. Alle som var på val tok attval, og styret blir då slik for 2010:

Jan Hammersvik	-	ikkje på val	(1 år)
Kaare Aardal	-	attval	(2 år)
Terje Hovden	-	attval	(2 år)
Per Arne Berge	-	attval	(2 år)
Atle Nøstdal	-	ikkje på val	(1 år)

Varamedlemmer:

Dag Hamre	-	attval	(2 år)
Anne Grete Kleppe	-	ikkje på val	(1 år)
Magnar Drageseth	-	ikkje på val	(1 år)

**8. Val av revisorar**

Inge Bakke	-	attval	(1 år)
Håkon Berstad	-	attval	(1 år)

**9. Val av valnemnd**

Doris Hammersvik	-	attval	(2 år)
Unni Eltvik Hovden	-	ikkje på val	(1 år)
Sylvi Olsson	-	ikkje på val	(1 år)

**10. Eventuelt**

Ikkje noko teke opp på eventuelt.

Møtet slutt kl. 19.30.

Terje Hovden  
referent